

Fakultetsplan 2026-2027

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Forord v/dekan

Fakultet for helse og sosialvitenskap (FHS) ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) verkar i eit samfunn prega av høg tillit, sterke fellesskapsløysingar og med velfungerande helse- og sosialtenester. Samstundes står vi overfor store demografiske, teknologiske og økonomiske endringar som stiller nye krav til korleis tenestene blir utvikla, organisert og fornya. I dette landskapet skal fakultetet ta ansvar for å bidra til utviklinga av framtidens helse- og sosialtenester gjennom forskning, utdanning og innovasjon som både utfordrar etablerte strukturar og utviklar nye løysingar for samfunnet.

Vestlandet har lange tradisjonar for internasjonalt samarbeid og verdiskaping. Med verksemd på fleire campusar, har fakultetet ein særleg styrke i å kunne kople fagmiljø, styrkje samspel mellom campusane og utnytte samla kompetanse til beste for utdanning, forskning og samfunnsutvikling. Denne posisjonen skal vidareutviklast gjennom tettare samarbeid på tvers av fag, geografi og sektorar.

I planperioden vil fakultetet knyte internasjonalisering i utdanning og forskning tettare saman for å realisere synergjar mellom utdannings samarbeid og forskingsprosjekt. Samstundes skal forskingskultur vere eit gjennomgåande prinsipp, med vekt på kvalitet, openheit, deling og samarbeid. Dette inneber òg ei tydeleg satsing på forskningsetikk og personvern gjennom systematisk opplæring, kompetanseutvikling og klar ansvarsforankring. Fakultetet vil i tillegg ta i bruk kunstig intelligens og digitale løysingar på ein medviten måte for å effektivisere arbeidsprosessar og styrkje kvaliteten i verksemda.

Fakultetet skal bidra til å betre samfunnets samla beredskap gjennom målretta innsats innan helseberedskap, krisehandtering, psykososial beredskap, inkludering og medborgarskap. Gjennom utdanning, forskning og samarbeid med praksisfeltet skal fakultetet bidra til auka kompetanse og meir robuste tenester, og styrkje samfunnet si evne til å handtere krise og uventa hendingar.

Vidare vil fakultetet leggje betre til rette for at forskingsbasert kunnskap blir teken i bruk i samfunnet. Dette inneber auka innsats innan innovasjon, kommersialisering og utvikling av nye tenester og arbeidsformer. Slik skal fakultetet bidra til verdiskaping og utvikling av meir berekraftige helse- og sosialtenester.

Fakultetsplanen legg dei overordna rammene for utviklinga dei neste to åra. Han skal bidra til tydeleg retning, styrkja samhandlinga og bidra til målretta innsats, slik at fakultetet kan ta ei aktiv og leiande rolle i møte med framtidens behov i helse- og sosialtenestene.

Planens oppbygging, funksjon og virketid

Planen er bygd opp i tråd med fakultetet sine strategiske kjerneområde innan utdanning, forskning, nyskaping og regional utvikling. I tillegg inneheld planen strategiske målområde for fakultetet som organisasjon. Desse skal understøtte heile fakultetet si vidare utvikling og korleis vi skal møte framtidige utfordringar.

Måla i fakultetsplanen er ei konkretisering av [verksemdsmåla til HVL](#). Prioriteringane i planen gir føringar for kva og korleis vi skal jobbe dei to neste åra for å nå måla.

Det vil i tillegg bli utarbeida eit sett med indikatorar for å følgje med på mål- og resultatutviklinga. Fakultetsplanen tar innover seg heilskapen og dei overordna føringane i oppdragsbrev frå rektor, men svarar ikkje ut kvart oppdrag i detalj.

Fakultetsplanen er FHS sitt viktigaste styringsdokument og er førande for arbeid i institutt, senter og fakultetsadministrasjonen.

Planen blei vedteken 13.04.26, og er gjeldande ut kalenderåret 2027. Prioriteringane vil bli revidert i samband med fastsetting av budsjett for 2027.

Utdanning

Fakultet for helse- og sosialvitenskap tilbyr utdanningar med god rekruttering og høg etterspurnad i samfunnet. Fakultetet har eit særleg ansvar for å tilby profesjons- og arbeidslivsretta utdanningar som dekkjer framtidige kompetansebehov, samstundes som pedagogisk kvalitet, relevans og fleksibilitet blir vidareutvikla i tråd med nasjonale føringar og institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Eit sentralt utfordringsbilete er at etterspurnaden etter fleire av utdanningane og produksjonskravet frå Kunnskapsdepartementet (KD) overstig talet på finansierte studieplassar.

Fakultetsplanen legg til grunn ei målretta og berekraftig utvikling av studieporteføljen, med ei tydeleg prioritering av utdanningar som byggjer på fakultetet sin kompetanseprofil og som svarar på tildelingsbrev frå KD og oppdragsbrev frå rektor.

Fakultetet skal bidra til aktivt å utvikling Universitetet på Vestlandet. Dette inneber å ta forskning i bruk i utdanningane, arbeide systematisk med utdanningskvalitet, styrke arbeidslivsrelevansen gjennom praksisnær undervisning og tett samarbeid med teneste- og arbeidsliv. Fakultetet skal og utvikle meir heilskaplege og fleksible utdanningstilbod, tilpassa studentar i ulike livsfasar.

Samstundes vil fakultetet styrke samarbeidet om utdanningstilbod og forskingsprosjekt på tvers av institutt, forskingssenter og fakultet, som eit strategisk verkemiddel for å utvikle kvart campus, sikre heilskapleg institusjonsutvikling og møte samfunnet sine behov.



1. Framtidsretta og tverrfagleg studieportefølje

Fakultetet skal utvikle og dimensjonere studieporteføljen med særleg vekt på faglege styrker, tverrfagleg samarbeid og framtidige behov i samfunns- og arbeidsliv

- a) Sikre at studieporteføljen er fundert i sterke og integrerte fagmiljø frå bachelor til Ph.d.
- b) Identifisere og initiere mogelegheiter for meir tverrfagleg samarbeid på tvers av institutt og fakultet
- c) Legge økonomisk berekraft og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov til grunn for alle strategiske avgjersle om studieporteføljen
- d) Tilpasse kapasitet og organisering i master- og EVU-tilboda for å sikre berekraftig dimensjonering og effektiv ressursbruk

2. Sterk forskingsforankring og arbeidslivsrelevans

Fakultetet skal sikre høg kvalitet og arbeidslivsrelevans gjennom tett integrering av utdanning og forskning, forankre arbeidet i kunnskapsbasert praksis og styrke internasjonaliseringa

- a) Sikre systematisk involvering og integrering av forskargrupper i utdanning og undervisning
- b) Styrke arbeidet med studentinvolvering i forskning, mellom anna gjennom å nytte StudentFORSK ordninga og Masterportalen ved HVL
- c) Utvikle læringsareal i tråd med pedagogiske og teknologiske behov og vidareutvikle SimArena heilskapleg, koordinert og framtidsretta på alle fem campus
- d) Stimulere til auke i studentmobilitet, og mottak av fleire internasjonale studentar på kvart campus

3. Tilgjengelege og fleksible utdanningar

Fakultetet skal tilby attraktive, tilgjengelege og fleksible utdanningar i sterke læringsmiljø, som legg til rette for deltaking og meistring hjå eit mangfald av studentar på alle fem campus

- a) Sikre at fleksible tilbod utfyller og styrkar campusbaserte utdanningstilbod
- b) Gjennomføre målretta og kunnskapsbaserte rekrutteringstiltak med særleg vekt på å rekruttere fleire menn til helse- og sosialfagutdanningar og styrke norskkompetansen til fleirspråklege studentar
- c) Setje i verk målretta tiltak for å auke gjennomføring og redusere fråfall i utdanningar med høgt uønska fråfall, inkludert ph.d.-programmet

Forsking


Fakultet for helse- og sosialvitenskap har fleire sterke og profilerte forskingsmiljø med aukande publiseringsaktivitet og god rekruttering til ph.d.-programmet. Fakultetet har styrkt sin posisjon innan praksisnær og tenesterelevant forsking, har aukande publiseringsaktivitet og utvikla samarbeid med nasjonale og internasjonale partnerar.

Forsking er ein viktig drivkraft i utviklinga av Universitetet på Vestlandet. Fakultetet skal bidra med forsking av høg kvalitet med tydeleg samfunnsrelevans, med særleg vekt på praksisnær og tenesterelevant kunnskapsutvikling som bidrar til robust og langsiktig utvikling av helse- og sosialtenestene.

Nasjonale føringar og institusjonen sine strategiar stiller aukande krav til forskingskvalitet, internasjonal publisering, ekstern finansiering og robuste forskingsmiljø. Forskinga skal bidra til å møte konkrete utfordringar i helse- og sosialtenestene. Fakultetet skal vidareutvikle sterke fagmiljø med tydeleg internasjonal forankring, og samtidig sikre tett kopling til praksisfeltet.

Gjennom strategiske prioriteringar skal fakultetet samle og styrke forskingssatsingar der vi har særlege føresetnader, styrke internasjonalt samarbeid, auke ekstern finansiering og utvikle fleire tverrfaglege samarbeid. Forskinga skal i større grad knytast til utdanningane og bidra til forskingsbasert undervisning, samt til utvikling og utprøving av nye arbeidsmåtar i tenestene (innovasjon og regional utvikling), i tett samspel med praksisfeltet og andre samfunnsaktørar. Dette omfattar mellom anna førebygging, betre oppfølging av kroniske tilstandar, redusert sosial ulikskap og utvikling og bruk av digitale løysingar.

Fakultetet skal vidareutvikle ein open, ansvarleg og inkluderande forskingskultur. Dette inneber tydelege forventningar til kvalitet i samarbeid og deling, rekruttering av ph.d.-kandidatar og forskarar i tidleg karrierefase, og eit aktivt samarbeid med studentar og praksisfeltet.



4. Aktive og sterke forskingsmiljø

Fakultetet skal styrke kvalitet i forskinga gjennom aktive og sterke forskingsmiljø med internasjonal forankring, og en inkluderande forskingskultur

- a) *Prioritere ressursar og insentiv til målretta kompetansebygging og karriereutvikling for å styrke første- og toppkompetanse i alle institutt og senter, deriblant forskningstermin og professorstipend*
- b) *Vidareutvikle sterke forskingsgrupper med tydelege mål og internasjonalt samarbeid med en tydeleg forankring i fakultetet sin organisatoriske struktur*
- c) *Styrke publiseringskvalitet, sampublisering og internasjonalt medforfatterskap*
- d) *Motivere til internasjonal mobilitet for vitskapeleg tilsette og ph.d.-kandidatar og vidareutvikle og styrke internasjonale partnerskap, inkludert ARTEMIS-alliansen og Erasmus+*

5. Høg samfunnsrelevans

Forskinga vår skal være samfunnsrelevant og bidra til utvikling og omstilling i helse- og sosialtenestene

- a) *Vidareutvikle strategisk universitetsprosjekt digital helse og utvikle og konsolidere to prioriterte tverrgående satsingsområde innan helse- og sosialfagleg forskning*
- b) *Prioritere insentiv for å auke gjennomslagskraft i søknadar om eksterntfinansiert forskning (NFR, EU og andre kjelder) gjennom målretta tiltak (forskingsintensiveringsstipend, forskningstermin, bruk av vit.ass mv.)*
- c) *Auke strategisk bruk av kombinerte stillingar med eksterne samarbeidspartnarar med vekt på å styrke forskning*
- d) *Styrke samhandling med offentlege og private aktørar for felles prosjektutvikling, mellom anna gjennom nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.*

6. Open og ansvarleg forskning

Fakultetet skal vidareutvikle og fremme ein ansvarleg og open forskingskultur

- a) *Styrke arbeid med forskningsetikk og personvern gjennom opplæring (ALU, Ph.d.), kompetanseutvikling og tydeleggjering av ansvar*
- b) *Fremme open forskning og deling av data der det er hensiktsmessig*

Nyskaping og regional utvikling


Fakultetet for helse- og sosialvitenskap er ein regional kunnskaps- og kompetanseaktør som koplar utdanning, forskning og innovasjon med arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Ei brei portefølje av samarbeidsavtalar om utdanning og forskning med kommunar, helseføretak samt offentleg og frivillig sektor gir sterke koplingar til regionen.

Samfunnet er i endring. Demografiske utviklingstrekk, meir samansette helsebehov og aukande sosiale utfordringar krev samskaping for å utvikle og ta i bruk nye løysingar. Fleire årsverk åleine er ikkje lenger tilstrekkeleg for å møte behova. Difor vil fakultetet styrkje regional samskaping, kunnskapsoverføring og vår påverknadskraft. Vi skal bygge kompetanse og kapasitet i fleire delar av innovasjonsløpet, slik at nye løysingar raskare kan takast i bruk, tilpassast og skalerast i ordinær drift.

Dette arbeidet blir utvikla gjennom ein tredelt strategi med vekt på pilotering, implementering og organisering av tenester – med målbar gevinst for praksisfeltet.

Kunstig intelligens, digitalisering og teknologi er sentrale verkemiddel i denne utviklinga og får aukande tyding for framtidige tenester. Styresmaktene peikar på at dette er avgjerande for å sikre robuste, trygge og tilgjengelege helse- og sosialtenester. Fakultetet vil bidra ved å utdanne kandidatar med innovasjon- og endringskompetanse, tilby relevante utdanningar og integrere mogleggjerande teknologiar på ein målretta og forsvarleg måte i og for tenestene.

Gjennom nyskaping og samarbeid regionalt, nasjonalt og internasjonalt set vi retning for satsingsområda våre, skapar betre tenester og styrkjer kunnskapsflyten mellom utdanning, forskning og tenester/praksis – til beste for pasientar, brukarar og tilsette.



7. Synlege og samskapande fagmiljø

Fakultetet skal vere ein synleg kunnskapsaktør som bidrar til nyskaping og berekraftig utvikling i helse- og sosialtenestene gjennom samskaping

- a) *Aktivt bidra i tverrsektorielt samskapingsarbeid med kommunar, helseføretak, statlege velferdsetatar og næringsliv*
- b) *Bygge kapasitet og kompetanse i prosjektleiing*
- c) *Ta ei aktiv rolle i innovasjon og tenesteutvikling gjennom forskingsbasert kunnskap til politikktutforming, strategiar og det offentlege ordskiftet*
- d) *Vere ein synleg kunnskapsaktør i regionale og nasjonale nettverk for helseinnovasjon og -industri, inkludert i HealthFjords, innovasjonsklynger og regionale helsecampus/klynge-initiativ*

8. Høg innovasjonskompetanse

Fakultetet skal byggje system, ekspertise og kompetanse i innovasjon.

- a) *Styrke kompetanse og kapasitet i innovasjonsprosessar (frå ide til bruk i teneste) og utarbeide ein handlingsplan for innovasjon ved fakultetet.*
- b) *Auke tal på innovasjonsprosjekt knytt til det strategiske universitetsprosjektet for digital helse.*
- c) *Styrkje ansvarleg bruk av kunstig intelligens i utdanningane og forskinga.*
- d) *Vidareutvikle SimArena som ein test- og innovasjonsarena på tvers av fagområde, fakultet og sektorar.*

9. Internasjonale partnarskap med regional verdi

Fakultetet skal gjennom internasjonale partnarskap styrke kvalitet og kompetanse i regionale innovasjonsprosjekt.

- a) *Kartleggje og styrkje bygging av internasjonale partnarskap og nettverk for innovasjonsarbeidet i fakultetet*
- b) *Intensivere målretta arbeid for å mobilisere internasjonal eksternfinansiering til innovasjon- og regionale utviklingsprosjekt (Horisont Europa, EU4Health, Innovative Health Initiative, Erasmus+, o.a.).*

Organisasjonsutvikling

Fakultetet si utvikling blir styrt både gjennom kjerneoppgåvene utdanning, forskning, nyskaping/regional utvikling, og gjennom strategisk organisasjonsutvikling. Dei organisatoriske områda er sjølvstendige satsingar som uttrykker kva rolle fakultetet skal ta i samfunnet, korleis fagmiljøa skal utviklast, og korleis FHS skal møte framtidige utfordringar. Saman gir kjerneoppgåvene og organisasjonen ei heilskapleg retning for fakultetet si utvikling som ein relevant, framtidsretta og ansvarleg kunnskapsinstitusjon for helse- og sosialtenestene.



10. Aktive og medverkande arbeidsmiljø

Fakultetet skal kjenneteiknast av eit sterkt arbeids- og læringsmiljø som fremjar medverknad og bidrar til å rekruttere, utvikle og halde på høgt kvalifiserte medarbeidarar.

- a) *Etablere og gjennomføre systematisk kompetanse- og karriereutvikling for vitenskapleg og administrativt tilsette, i tråd med fakultetet sine strategiske behov*
- b) *Vidareutvikle strategisk bemanningsplanlegging som sikrar rett kompetanse til rett tid, og som tek høgd for generasjonsskifte i sentrale fagmiljø*
- c) *Medverknad gjennom råd og utval skal vere tidsmessig integrert i plan- og budsjettprosessane, slik at innspel kjem før avgjerdsel og får reell innverknad på prioriteringar og ressursfordeling*
- d) *Vidareutvikle faglege fellesskap som fremjar kunnskapsdeling, læring og styrker samarbeid på tvers av fagmiljøa og campusane*

11. God styrings- og omstillingsevne

Fakultetet skal ha god økonomistyring og høg fagleg organisatorisk omstillingsevne

- a) *Synleggjere og sikre tydeleg samanheng mellom strategiske prioriteringar og ressursdisponering*
- b) *Utvikle og implementere system for langsiktig økonomisk planlegging og prioritering*
- c) *Styrke leiarutvikling for å auke gjennomføringsevne, samhandling på tvers av einingar og utvikle sterke fagmiljø.*
- d) *Vidareutvikle målretta bruk av digitalisering og kunstig intelligens i tråd med pedagogiske og organisatoriske behov*

12. Høg kompetanse i tryggleik og beredskap

Fakultetet skal styrke si rolle og kompetanse innan beredskap, informasjonstryggleik og risikohandtering

- a) *Utvikle utdanningar som gir kandidatane kompetanse til å førebygge, handtere og lære av kriser og uønskte hendingar i helse- og sosialtenestene*
- b) *Styrkje forskning og innovasjon som bidreg til kunnskapsbasert beredskapsarbeid, robuste tenester og betre krisehandtering*
- c) *Sikre høg grad av informasjonstryggleik og digital motstandskraft gjennom systematisk arbeid med personvern, risikostyring og trygg digital infrastruktur*
- d) *Integrere risikovurderingar i planlegging og drift.*